



DEN NORSKE KYRKJA

Bjørgvin bispedømeråd

Kulturdepartementet
Pb 8030 Dep
0030 OSLO

< ingen >

Dato: 11.07.2013

Vår ref: 13/89-2 JOF

Dykkar ref:

Høring - NOU 2013: 1 Det livssynsåpne samfunn

Fråsegn frå Bjørgvin bispedømeråd

Bjørgvin bispedømeråd etterlyser ein religionssamtale som kan ha vår eigen tradisjon som eit positivt utgangspunkt.

Ja til trusfridom – og ja til vår kristne historie og verdiforankring.

Generelle merknader

I den offentlege debatten har det lenge vorte hevda at religion og livssyn høyrer privatlivet til. Som ein konsekvens av det har det vore hevda at tru og religion må bort frå det offentlege rommet, og at staten ikkje kan ha noko økonomisk ansvar for trus- og livssynssamfunna. Det er difor viktig at NOU-en legg vekt på at staten vidarefører ein aktiv støttande trus- og livssynspolitik.

Det statlege *Trus- og livssynsutvalet* hadde som mandat å koma med forslag til endringar som kan medverka til å skapa ein heilskapleg trus- og livssynspolitik i eit livssynsøpe samfunn. I utforminga av mandatet låg det eit positivt syn på religion som 'verdi'. Det er også utgreiinga sin konklusjon: Offentlege styresmakter skal gje rikeleg plass for religion, forstått som utfolding av tru og religiøs praksis i det offentlege rommet. Utvalet skulle ha stortingsforliket om avvikling av statskyrkja og endringane i Grunnlova som ramme for arbeidet. *Bjørgvin bispedømeråd* ser denne presiseringa som svært viktig. I Gr.l. § 2 har det norske samfunnet for første gong fått ein såkalla verdiparagraf, og i ny § 16 er det slått fast at både Den norske kyrkja og andre trussamfunn skal «understøttast» av staten.

I prosessen fram mot skiljet mellom kyrkje og stat har to prinsipp for ein ny religionspolitikk vakse fram: Staten skal føra ein *likeverdige* og også ein *støttande* politikk. Denne "norske" vegen er annleis enn den måten andre statar har praktisert eit prinsipielt skilje mellom kyrkje og stat på.

Under vignetten «livssynsåpent» synest det som om NOU 2013:1 på punkt etter punkt vil gjera rammene for religiøs praksis trongare enn i dag. Denne tendensen i NOU 2013:1 må truleg skuldast at religion i hovudsak vert vurdert som individuell *tru*, og ikkje i like stor grad som *tradisjon, kultur, symbol og verdier*, som vi kan samla i nemninga *livssyn*. Med eit slikt perspektiv er det ikkje lett å argumentera for at samfunnet kan ha ein preferanse for vår eigen religiøse tradisjon. *Bjørgvin bispedømeråd* vil peika på at medan trusfridom er ein menneskerett, så er «lik handsaming» av alt som finst på det religiøse området ikkje ein slik grunnleggjande rett. Utgreiinga viser sjølv forståing for dette synspunktet (s.114).

Eit døme kan illustrera dette. Når undersøkingar og avisoppslag sidestiller bruk av korssmykke i *offentlege* samanhengar med bruk av turban og skaut, så oppfattar vi problemstillinga som eit unødvendig åtak både på den religiøse og på den kulturelt-estetiske bakgrunnen for bruk av korset som symbol. Anten det er eit uttrykk for personleg tru eller berre ei kulturell identitetsmarkering, så kan bruken av korset, i vår *norske tradisjon*, praktiserast på ein ikkje-støytande måte. I denne samanhengen er det relevant å visa til kulturutgreiinga (NOU 2013:4) si tydelege markering av at den norske kulturen ikkje berre har kristne *røter*, men at dette har gitt seg uttrykk i *praksis* – i friviljug arbeid, undervisning og diakoni. *Björgvin bispedømeråd* meiner at dette må synleggjerast i den vidare behandlinga av NOU 2013:1 ”Det livssynsåpne samfunn”.

Prinsippet om likebehandling

Då NOU-en vart lagd fram, var det hovudprinsippet om lik behandling av alle trus- og livssynssamfunn som først fekk merksemd, og det på ein måte som drog i ein heilt annan retning enn det som ein ”støttande religionspolitikk” skulle føra til. Utgreiinga vart tolka som eit bidrag i kampen mot statskyrkja sine «privilegier» og monopol, eller også som ei røyst for ein «nøytral» religionspolitikk og til «privatisering» av statskyrkja. Slike reaksjonar treffer korkje utgreiinga sine intensjonar eller offisiell norsk politikk.

Likevel er det grunnar til at NOU-en vert tolka slik. Det er nemleg ein gjennomgåande tanke at *lik behandling* trumfar alle andre prinsipp og omsyn.

Skulen sin føremålsparagraf

Dette kjem også fram i utvalet si tilråding om å endra skolen sin føremålsparagraf. *Björgvin bispedømeråd* støttar ikkje fleirtalet i utvalet si tilråding. *Bispedømerådet* er kritisk til at det vert stilt spørsmål ved om det kan haldast skulegudstenester i regi av Den norske kyrkja, dersom slike tilbod ikkje samstundes kan gjevast til trussamfunn med liten lokal tilslutnad. Vi minner om formuleringane i ny § 2 i Grunnlova.

Religiøst nærver i offentlege institusjonar

Vi kan heller ikkje sjå at forslag om å knyta det religiøse nærveret i offentlege institusjonar, som sjukehus og militærforlegningar, til dei lokale trussamfunna, vil fungera godt. Etter vårt skjønn kan det føra til ei usynleggjering og privatisering av tru og religion.

Vigselsretten

Björgvin bispedømeråd vil nytta dette høvet til å peika på andre sider ved innstillinga som også uroar oss. Det gjeld m.a. vigselsretten, som får ei kopling til «norsk lov». Det seier seg sjølv at dersom kyrkja ikkje kan vie på sine eigne premissar, så vert retten illusorisk. *Bispedømerådet* kan difor ikkje støtta tilrådinga om endringar i vigselsretten.

Statlege støtteordningar

Björgvin bispedømerådet er kritiske til utvalet si tilråding om statlege støtteordningar. Det gjeld m.a. vilkåra for statleg støtte til barne- og ungdomsorganisasjonar. Vilkåra som er føreslegne for statsstøtte til trussamfunn, vil også kunna ramma kyrkjесamfunn som ikkje har ein sentralisert organisasjonsstruktur.

Kristendommen si historiske positive rolle i landet vårt

Vi viser her særleg til kap. 3 i utgreiinga, og vil mot det som er tendensen i dette kapitlet hevda at kristendommen si rolle i landet vårt ikkje kan framstillast som historia om diskriminering. Dêt avslører ei lite kontekstuell tilnærming til problematikken.

Gravferdsforvaltinga

Utvalet fekk som tilleggsmandat å koma med utgreiing om gravferdsforvaltinga. Dette temaet vart grundig drøfta ved behandlinga av ny kyrkjelov i 1996, som bestemte at kyrkjeleg fellelsråd skal ha forvaltningsansvaret for dei offentlege gravplassane. I ”kyrkjeforliket” vart alle partia på Stortinget einige om at lovgjevinga på gravferdsområdet skulle vidareførast. Dagens gravferdsforvalting fungerer godt. *Bjergvin bispedømeråd* kan difor ikkje støtta utvalet si tilråding om å endra gravferdslova.

Sluttmerknader

I kjølvatnet av NOU 2013:1 etterlyser *Bjergvin bispedømeråd* ein religionssamtale som kan ha vår eigen trustradisjon som eit positivt utgangspunkt. Ulik praksis må ikkje automatisk bli utlagt som diskriminering. Ei tydelegare nasjonal identifisering med kristne verdiar kan gå saman med respektfull omgang med annleis truande. Norge byggjer på kristne og humanistiske verdiar (Gr.l. § 2). Denne arven trugar ikkje religionsfridom og menneskerettar. Tvert om er det den som skal tryggja desse rettane.

Med helsing



Jan Ove Fjellveit
Stiftsdirektør e.f
Direkte innval: 5530 6474